



Stendal Vvs AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3701 - 18/770

Saksbehandlar:
Bente Førland
Bente.Forland@lindas.kommune.no

Dato:
09.01.2018

Godkjent sanitærøknad - Ny einebustad - gbnr 185/298 Øykjetona 7

Vi viser til rørleggarmelding motteke 15.12.2017

Søknad om sanitærabonnement til kommunalt vatn og avlaup for ny einebustad vert godkjend på følgjande vilkår:

Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avløp.

Stikkleidningar skal opparbeidast i samsvar med søknad om sanitærabonnement.
Større endringar skal varslast.

Ved graving i offentleg veg skal det mellom omfylling av leidningar og traubotn for veg leggst komprimerbare massar.
Vassleidning skal leggst frostfritt. Frostfri djupn er minimum 1,2 meter overdekning.

Avkøyrse må byggjast slik at overvatn ikkje renn inn på den kommunale vegen. Den må og byggjast slik at overvatn frå vegen ikkje renn inn i avkøyrsele. I avkøyrslar vert det lagt stikkrenner med min. 200mm diameter eller grøftesluk på overside. Brukar av avkøyrslar har vedlikehaldsansvar for stikkrenner.
Avløpsrør skal leggjast slik at veggrøfta sin funksjon vert oppretthalde.

Etter utført arbeid skal det sendast inn ferdigmelding til kommunen med oppdatert situasjonsplan og korrekte innmålingsdata.
Det vil ikkje bli skriven ut ferdigattest for bygget før ferdigmelding for privat VA-anlegg er motteke og akseptert som komplett.

Gebyr vil verte fakturert etter gjeldande satsar. Vi gjer merksam på at arbeidet skal ikkje igongsetjast før gebyr er betalt. Røyrleggjarfirma pliktar å undersøkje dette før oppstart.



Med helsing

Arne Helgesen
avdelingsleiar

Bente Førland
saksbehandler

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Baard Ivar Olstad

Veråsvegen 120 5955

LINDÅS

Mottakarar:

Stendal Vvs AS

Blombakken 1 5911

ALVERSUND